

## Styremøte SFSG 3.11.23 på Thon Hotel Jølster

Tilstades: Ragnhild Sæle, Anne Inger Moen, Jo Risløv, Ole Bjarne Hovland, Erlend Brede Fossen og Solgun Haugen

Andre; Ketil Trongmo (styremedlem i NSG), Einar Helge Haugstad (Avlsutvalet for sau), Tom Idar Kvam via Teams (Leiar i Avlsutvalet for sau).

Kl 11 – 16

### **Sak 58/23 Oppsummering av kåringane i 2023. Gjennomføring av framtidige kåringer? Tema som Avlsutvalet ønskjer å ta opp med styret i SFSG m.m**

Tom Idar og Einar Helge orientert styret om gjennomføring av kåringane i 2023 og tankar framover.

Ein var skeptisk før sesongen både iforhold til værforholda og endring i betaling, med betaling kun for kåra værelam og auke i prisen. Kåringane gjekk stort sett greitt, men er forbedringspotensiale nokon plassar. Stilt 50 fleire lam enn i fjor, kåra ca 15 fleire lam. Vraka lam på same plass som tidlegare, men 1 % nedgang i vrakingsprosent, opp 2% på landsbasis. Gode tilbakemeldingar på dommarsamlinga. Det er viktig at alle som er dommarar får dømt nok dyr. Mykje telefonar rundt kåringane.

### **Sak 59/23 Oppsummering so langt i 2023 frå Gjetarhundnemnda. Kva skjer framover. Tema som Gjetarhundnemnda ønskjer å ta opp med styret i SFSG.**

Styret fekk orientering om kva som har skjedd so langt på gjetarhundsida. Ok klima i gjetarhundmiljøet i Sogn og Fjordane no.

### **Sak 60/23 Utval for mjølkegeit v/Jo Risløv. Kva skjer framover. Tema som Utval for mjølkegeit ønskjer å ta opp med styret i SFSG m.m**

Styret fekk orientering om kva som skjer i utval for mjølkegeit. Det har vore lite aktivitet dette året. Bli arrangert Geitehelg 18-19.november på Thon Hotel Jølster, der det blant anna kjem folk frå Tine og faglaga.

Styret vedtok å senda sak til styret i NSG om at dei må ta tak i saka med byllesjuke på sau, og sjå på regionane for å få begrensa livdyrhandel.

### **Sak 61/23 Sak til årsmøte i NSG. Vedtektsendring.**

Styret gjekk gjennom innspel til årsmøte i NSG ang vedtektsendring §6 medlemskontingent. Tidspunkt for betaling av kontingent.

### **Sak 62/23 Lokallag som ikkje har avholdt årsmøte i 2023. Plan for oppfølging.**

Styret diskuterte status for lokallag som ikkje har levert årsrapport for 2023 og kva me gjera med desse framover.

Styret vedtok å laga til eit skriv til aktuelle lokallag med informasjon om at vist det ikkje vert arrangert årsmøte for 2024 kjem styret i SFSG til å gripa inn. Då har dei valet mellom å driva etter lagsloven, slå seg i saman med andre eller leggja seg ned.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Jølstravegen 1652  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 991 051 694

## **Sak 63/23 Gjennomføring av innspel til jordbrukstingingane 2024. Tidsplan.**

Styret gjekk gjennom tidsplan for innspel til jordbrukstingingane 2024.

## **Sak 64/23 Tema til fagdag årsmøte 2023**

Styret diskuterte tema til fagdag årsmøte 2023.

## **Sak 65/23. Ymse**

a) Tema/saker styret i SFSG ynskjer å ta opp/drøfte med styremedlem i NSG Ketil Trongmo

Styret gjekk gjennom tema dei ynskte å ta opp med styremedlem i NSG Ketil Trongmo som var med på dette styremøte. Tema som var oppe var; Slakteoppgjær kjeslakt og produksjonskrav sau

b) Vervekampanjen 2023

Styret diskuterte korleis ein skal løysa dette.

c) Kjøtt i skole

Styret diskutert korleis ein skulle få til dette.

Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Jølstravegen 1652  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

991 051 694